

Høyringsuttale - forslag til midlertidig endring i utlendingslova

AP/SV:

Kommunestyre vedtek følgjande høyringsuttale:

Kommunestyre anerkjenner at særskilt den tryggingpolitiske situasjonen i Europa gjer det meir aktuelt enn på lenge at det kan oppstå krisesituasjonar med ekstraordinært høge ankomstar av personar som søker asyl. Framlegget om ein midlertidig beredskapsbestemmelse i utlendingeloven §95 a, som inneber at kommunar kan påleggast av staten å etablere og drifte midlertidig innkvarteringstilbod for asylsøkarar, er mynta på slike krisesituasjonar.

Kommunestyre viser vidare til at det i høyringsframlegget vert understreke at midlertidig beredskapsbestemmelse skal takast i bruk fyrst etter «at alle andre tilgjengelige løsnings- og beredskapstiltak for innkvartering først er forsøkt, men at dette ikke lenger er tilstrekkelig for å ivareta asylsøkernes grunnleggjende behov.» Kommunestyre forstår behovet for å ha handlingsrom i beredskapssituasjonar, men vil likevel peike på at det i slike situasjonar vil vere ekstra viktig med dialog og frivillige ordningar for å mobilisera raskt og effektivt i beredskapssituasjonar.

Med desse påpeikingane støttar Kommunestyre at det kan vedteke ein midlertidig beredskapsbestemmelse, i tråd med det som kjem fram av høyringsframlegget frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Kommunestyre ser kommunen sitt samfunnsoppdrag i innvandringspolitikken som primært å sikra busetting og integrering av nykomne flyktningar i lokalsamfunns- og arbeidslivet. Denne arbeidsdelinga mellom stat og kommune er viktig for å sikra at kommunen framleis har god kompetanse og ressursar knytt til primæroppdraget. Det er difor viktig at denne arbeidsdelinga i normalsituasjonar vert liggjande fast.

Kommunestyre vil også trekka fram at forskrifta kan også ha nokre fordelar med seg. Ved ein eventuell situasjon der det ordinære systemet ikkje maktar å handtera innkvartering av asylsøkarar vil det naturlegvis oppstå behov for å løysa dette på nye og ofte akutte måtar. Ved forskrifta som er foreslått vil det vera avklarte ansvarsforhold før ein eventuell situasjon oppstår. Statsforvaltaren vil også ha fått tildelt eit avklart mynde, som er nødvendig å ha i ei krise. Dette kan forenkla dialogen mellom kommune og stat, og statsforvaltar vil også kunna førebu seg betre med ei tydeleg plassering av ansvar. Det kan også gjera det meir føreseieleg for kommunane.

Kommunestyret vil samtidig påpeika at kommune-Noreg allereie står i møte med svært krevjande utfordringar, og økonomiske tider. Øygarden kommune opplever eit stort press på helse- og omsorgstenester, og tilsvarande også auka utgifter. Sjølv om Departementet legg opp til å kompensera utgifter knytt til innkvartering av asylsøkarar, fryktar kommunedirektøren at ein slik situasjon likevel vil bidra til ytterlegare stramt handlingsrom. Kommunestyre ber difor om at det også vert lagt opp til å kompensere ekstrautgifter som ikkje direkte knytt seg til innkvartering av asylsøkarar, men som likevel raskt vil oppstå ved pålegg frå staten om å etablere og drifte midlertidig innkvarteringstilbod for asylsøkarar.

Kommunestyret vil avslutningsvis oppmoda Departementet om å vurdera alternative måtar som kan gjera det enklare og meir attraktivt å etablere og driva mottak. Det kan til dømes handla om god rettleiing frå UDI og gode økonomiske rammevilkår